

Olje- og energidepartementet  
Einar Gerhardsen plass 1

Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo



Tlf 91 70 90 68  
Faks: 57 00 92 01  
monica@fjord-energi.no  
Postboks 300, 6821 Sandane  
[www.fjord-energi.no](http://www.fjord-energi.no)

Sandane, 01.02.2011

## Høringsutsegn til ny "lov om elsertifikat"

Vi syner til høyringsnotat av 8.12.2010 om "Lov om elsertifikat".

Fjord Energi AS er eit handelsselskap eigd av 15 småkraftverk i Sogn og Fjordane. Fjord Energi AS vil på vegne av eigarane i selskapet uttrykke glede over at det 8.desember vart fremja lovforslag for å etablere ein felles norsk-svensk marknad for elsertifikat.

### 1. Tidspunkt for kraftverk omfatta av lovforslaget

Vi meiner at det av praktiske hensyn bør vere i idriftsettingsdato for kraftverk som vert gjeldande i lovforslaget, og ikkje tidspunkt for byggestart. Å dokumentere og kontrollere byggestartstidspunkt vil vere vanskeleg, medan idriftsettingstidspunkt er eintydig og enkelt å kontrollere.

### 2. Produksjon som har rett til elsertifikat

Vi er glad for at lovutkastet legg opp til teknologinøytralitet. Det vi er mindre nøgde med at det i følgje lovforslaget kun er kraftverk mindre ein 1 MW som vert omfatta av overgangsordninga for kraftverk bygd etter 01.01.2004.

I Noreg, og spesielt på vestlandet, er det mangel på nettkapasitet. Dette kan føre til at ny produksjon i Noreg dei komande åra vil vere svært avgrensa. Det er difor truleg at det norske startvolumet vert for lite dei første åra. I tillegg er det verdt å nemne køen og behandlingstida i NVE. Søknader som kjem inn i 2011 kan ventast å verte behandla i 2013. Etter dette har vi behandlingstid, samt utbyggingstid. Når det gjeld konsesjonssøknadar i vårt nærrområde vert desse lagt på vent i påvente av ny kraftline mellom Ørskog – Fardal.

Vi meiner at kraftverk større ein 1 MW med oppstart i perioden 01.01.2004 og 07.09.2009 bør innlemmast i sertifikatordninga. Anlegg som vart bygd i denne perioden vart lova sertifikat. Desse kraftverka tok stor risiko i høve utbygging og var blant pionerane på småkraft. Ved å ikkje innlemme desse i sertifikatmarknaden gjer at desse vert straffa dobbelt:

- 1.Går glipp av ei betydeleg sertifikatinntekt, som tidlegare vart lova
2. Kraftprisane kan ventast å gå ned som følgje av mykje ny fornybar energi inn i systemet samt lågare forbruk (gjennom måloppnåing av EU Fornybarhetsdirektiv)

Største eigaren vår er Byrkjelo Kraft AS med installert effekt 12,8 MW og ein middelproduksjon på 61,5 GWh. Kraftverket vart sett i drift i august 2007. Kraftverket er i hovudsak eigd av 31 grunneigarar frå 23 ulike gardsbruk. Med installert effekt på 12,8 MW er kraftverket over grensa for å bli rekna som småkraftverk.

Fjord Energi AS ber om at alle grunneigareigde kraftverk med driftsettingsdato etter 01.01.2004 vert innlemma i sertifikatordninga.



På vegne av eigarane i Fjord Energi AS,

Rongkleiv Kraft AS
Kvitefella Kraft AS
Egge Kraft
Hjelle Kraftverk AS
Årdal Kraft AS
Kandal Kraft AS
Ytre Kandal Kraft AS
Horpedal Kraft AS
Hjelledalen Kraftlag AS
Veiteberg Kraftverk AS
Befring Kraft AS
Valaker Kraft AS
Hope Energi AS
Byrkjelo Kraft AS
Indrebø Kraft AS

Tlf 91 70 90 68

Faks: 57 00 92 01

monica@fjord-energi.no

Postboks 300, 6821 Sandane

[www.fjord-energi.no](http://www.fjord-energi.no)



*Monica Heggheim*

Monica Heggheim  
Dagleg leiar

Tlf: 91 70 90 68

E-post: [monica@fjord-energi.no](mailto:monica@fjord-energi.no)

Heimeside: [www.fjord-energi.no](http://www.fjord-energi.no)